



**Me bryr oss!**



**Austrheim vgs.**  
**Vestland fylkeskommune**





## Austrheim vgs - Me bryr oss!

«Me bryr oss!» er slagordet til skulen. Me som jobbar her på skulen brenn for det samfunnsoppdraget me har, nemleg å bidra til læring og utvikling - både fagleg og sosialt – hjå ungdom. Når elevane går ut herifrå, er dei klare til høgare utdanning eller yrkeslivet gjennom lærepass. Nettopp lærepass får nesten alle elevar som ynskjer det. Me er blant dei aller beste skulane i landet på å få elevar ut i lære. Austrheim vgs er rett og slett ein veldig god skule som set eleven i sentrum, der ein lærer gjennom variert undervisning og får faglege utfordringar.

Skulen vår har høg trivselsfaktor og kjempegodt skulemiljø. Skulen har elevmentorar (elevar på vg2 og vg3) som arrangerer ulike aktivitetar gjennom skuleåret, både i lunsjfriminuttet og arrangement på ettermiddags- og kveldstid. For eksempel vert det arrangert Halloweenfest, juleball og sommarfest. Elevmentorane er også med på å ta i mot nye elevar på vg1, og har aktivitetar i vg1-klassane i løpet av skuleåret. Saman skaper me eit godt skulemiljø.

Mesteparten av elevane på Austrheim vgs kjem frå kommunane Alver, Austrheim, Gulen, Masfjorden, Solund og Fedje, men det er også nokre elevar som har litt lengre reiseveg. Fleire av dei bur på hybel i området.

Viss du vil gå på ein oversiktleg skule der du vert kjend med elevar på kryss og tvers av klassane, og der du opplever å verte sett av og godt kjend med lærarane, er Austrheim vgs staden for deg!

*Frode Hervik, rektor.*

## **Marta, 2STUSP**



*Det er kjekt å samlast på tvers av klassane på elevarrangement på kveldstid. For meg har det også vore lærerikt å vere med på å arrangere for elevane, og fint å bidra til å skape noko positivt for skulemiljøet.*





### **Frøya:**

*Det er veldig bra samhold i klassen, og mellom klassane. Her kjem ein også tett på lærarane.*

## **Studiespesialisering og påbygg til generell studiekompetanse**

Er du interessert i teoretiske fag og ønsker å studere ved universitet eller høgskule seinare? Då kan du velje studiespesialisering. Utdanninga er treårig og fører fram til generell studiekompetanse. Du kan òg velje fag som gir spesiell studiekompetanse. Viss du har gått to år på eit yrkesfagleg utdanningsprogram, kan du velje vg3 påbygging til generell studiekompetanse.

### **Godt klassemiljø og utanlandstur**


Austrheim vgs har ei klasse på kvart trinn på studiespesialisering. På vg1 vil me nytte mykje tid i oppstarten til å verte kjende, slik at ein byggjer eit godt klassemiljø som står seg gjennom tre år og munnar ut i ei kjekk og inkluderande russetid. I løpet av desse tre åra vert det også lagt opp til minst ein klassesetur til utlandet.

### **Elevaktiv undervisning**

Undervisninga på studiespesialisering og påbygg skal vere prega av elevaktive undervisningsopplegg med stor variasjon, for å stimulere til lære-

lyst hjå elevane. Utforsking, problemløysing og kommunikasjon står sentralt. Dette vert følgt opp med varierte vurderingsmetodar, slik at du som elev får vist kompetansen din på ulike måtar.

I løpet av tre år på studiespesialisering eller eitt år på påbygg vert du førebudd til vidare studiar på universitet og høgskular. Hjå oss vil du derfor få ei innføring i akademisk skriving og praktisk øving i å skrive fagartiklar i ulike fag. Du vil også få innføring i kritisk tenking og kjeldekritikk.



## Programfagtilbodet vårt

På vg2 og vg3 studiespesialisering vel du fordjuping i enten språk- og samfunnsfag eller i realfag. Du må velje minst to fag som du tek over to år innan fordjupingsområdet. I tillegg kan du ha eit eller to frittståande programfag.

Programområde	Vg2/Påbygg	Vg3
Realfag	Realfagleg matematikk 1* Fysikk 1 Kjemi 1 Biologi 1*	Realfagleg matematikk 2 Fysikk 2 Kjemi 2
Språk- og samfunnsfag	Engelsk 1* Historie og filosofi 1 Sosiologi og sosialantropologi	Engelsk 2 Historie og filosofi 2 Politikk og menneskerettar Tysk 3/Spansk 3
Idrettsfag	Friluftsliv 1*	

\* Påbyggelevar kan ikkje velje stjernemerka fag.

## Friluftsliv programfag

Eit av dei frittståande programfaga kan vere friluftsliv, som me tilbyr deg som ønskjer eit litt annleis fag som avveksling frå dei meir teoretiske faga. Her lærer du friluftsliv i praksis, og drar på spennande turar med kajakk i skjergarden i Austrheim, på ski i Stølsheimen og til fots på Hardangervidda. Her vil du få opplevelingar for livet.



# Teknologi- og industrifag


Er du praktisk anlagt og interessert i mekanikk og teknologi? Syns du industriell produksjon med stål verkar spennande, eller er du interessert i å skru ogmekke på køyretøy? I så fall kan dette vere noko for deg. Teknologi- og industrifag (TIF) er ei yrkesfagleg utdanning. Vi tilbyr vg2 industriteknologi og vg2 køyretøy, med moglegheit for å velje kryssløp over til anleggsteknikk. Etter to år i skule kan du søkje om lære plass for å ta fagbrev. Du kan også ta påbygging til generell studiek kompetanse før eller etter læretida.


Vi har eit godt samarbeid med bedrifter i nærområdet, og lærarane på Austrheim vgs hjelper til med å skaffe lære plass til dei som fullfører.

På Teknologi- og industrifag brukar me mykje tid i oppstarten til å verte kjende og byggje eit godt klasse miljø, også på tvers av klassane.

**Emil:**

« Eg likte at det var så mykje praksis og at det vi har lært om var veldig variert og gøy. »





### **Preben:**

*Den praktiske delen av undervisninga er det beste med å gå på TIF. Her blir me som elevar sett av lærarane, og det er godt miljø.*



### **Marcus:**

**«** Eg likar at det er mykje praksis, og at me vert godt kjent med kvarandre i klassen. **»**

## **Vg1 Teknologi- og industrifag**

På vg1 teknologi- og industrifag får du mellom anna lære meir om maskinar, produksjonsprosessar, automatisering og programmering av robotar. Austrheim vgs har to verkstader og eit spesialrom for TIF-elevar. På vg1 har du ein produksjonsdag i veka i den største verkstaden. Resten av programfaga har du i den andre verkstaden og spesialrommet, eller i klasserommet.

På vg1 får du ei praktisk, variert og teknisk grunnopplæring som spenner over eit breitt fagområde. Du skal lære litt om alt, men samstundes få høve til å fordjupe deg i det du er mest interessert i. HMS står i høgsetet hos oss, og du får full opplæring i dette. Lærarane på Austrheim vgs er opptekne av at det skal vere god samanheng mellom teori og praksis, slik at det vert lett å forstå den yrkesfaglege teorien. I fellesfaga legg me vekt på mest mogleg yrkesretting, slik at du som elev ser samanhengen mellom til dømes matematikk og naturfag og industriell produksjon i verkstaden.

På vg1 er TIF-elevane utplasserte i bedrift i fire veker. Det er i tillegg mogleg med utplassering ein dag i veka for dei som vil. I løpet av skuleåret reiser me rundt på bedriftsbesøk for å få eit inntrykk av kva dei ulike industribedriftene i regionen driv med. Slik får du ei brei plattform for vidare yrkesval både med tanke på fag, type arbeidsplass og arbeidsmiljø.

## **Vg2 Industriteknologi**

På vg2 Industriteknologi vert du førebudd på å jobbe med industriell produksjon, og du får ei meir spesialisert opplæring, mellom anna i dreiling, fresing, sveising, CNC og robotteknologi. I den meir teoretiske delen av programfaga vil du lære om høg teknisk standardisering, arbeidsprosedyrar og dokumentasjon. Lærarane legg vekt på å vise samanhengen mellom den teoretiske og den praktiske delen av programfaga. Vg2 Industriteknologi nyttar den store produksjonsverkstaden to dagar i veka.

Austrheim vgs har eit tett samarbeid med industribedrifter i regionen. Du vert utplassert bedrift i totalt 6-8 veker. Det er også mogleg med utplassering ein dag i veka i tillegg. På vg2 er vi også ein del på bedriftsbesøk.

## **Vg2 Køyretøy**

På vg2 Køyretøy er hovudområdet verkstadarbeid, noko som omfattar mellom anna vedlikehald, feilsøking og val av reperasjonsmetodar på ulike køyretøy, motorar og utstyr. Skulen har også ein spesialbygd elbil/hybridbil til undervisningsføremål. Elevane har to heile verkstaddagar. Den yrkesfaglege teorien består for det meste av korte demonstrasjonar/instruksjonar av arbeidsprosessar som elevane deretter får gjere i praksis.

Austrheim vgs har eit tett samarbeid med bilverkstader i regionen. Du vert utplassert bedrift i totalt 6 veker. Det er også mogleg med utplassering ein dag i veka i tillegg.

Godkjent lærebodrift i rørlegging,  
mekanisk- og sveisefag.



Litlås 21, 5954 Mongstad • Tlf. 56 16 72 20  
[www.westpiping.no](http://www.westpiping.no)



Vi støtter utdanning!

CCB Mongstad AS Storemyra 162, 5954 Mongstad  
Tlf: +47 56 36 30 00 | E-post: [ccbmongstad@ccb.no](mailto:ccbmongstad@ccb.no)

## RADOY AUTO AS

AUTORISERT BILVERKSTED

Besøksadresse: Radøyvegen 1607, 5936 Manger

Telefon:  
56 34 94 40

Åpningstider:  
Man-tors: 07.30 - 16.00  
Fredag: 07.30 - 14.00

E-post: [frederik@radoy-auto.no](mailto:frederik@radoy-auto.no)  
[www.meca.no](http://www.meca.no)



[www.mongstadindustrier.no](http://www.mongstadindustrier.no)

# Takk for at du sorterer!



Vil du bli med oss og gi Noreg litande reservekraft?

# Bli lærling hos oss

Aktuelle fag:

- Industrimekanikar
- Industrimontør
- Industrirørleggar



📍 Sløvågen 2, 5960 DALSØYRA

🏠 [osterbo.no](http://osterbo.no)

📞 +47 48 16 17 18

✉ aggegat@osterbo.no



Sjå meir: [osterbo.no](http://osterbo.no)



## **Wergelandgruppa finn du på nordsida av Fensfjorden, i Gulen Industrihamn, rett ved ferjekaien i Sløvåg!**



Vi er idag lokalisert i Gulen, Solund og Hammerfest Kommune. Wergelandgruppa har aktivitet innan offshore havvind, betongindustri, base, tekniske tenester, pukk og grus pluss miljøservice for farlig avfall. I tillegg driv vi med eigendomsutvikling og har reiarlag med kabelferjer. Dette er organisert i driftsselskapene Wergeland Eigedom, Wergeland AS, Wergeland Base AS, Wergeland Safeport AS, Solund Verft AS og Wergeland Halsvik AS. Som grunneigar i Gulen Industrihamn ynskjer vi å medverke til vekst i den industrielle klynga som har utvikla seg rundt Fensfjorden. Kompetente og engasjerte medarbeidrarar i alle ledd er ein viktig faktor for å skape sunn vekst.

### **Wergelandgruppa dekkjer i dag fylgjande fag:**

- Baseoperatør
- Skipsførar
- Sveiser og Platearbeidar
- Prosessoperatør
- El- og automasjon
- Ingeniørfaget bygg
- Regnskap og økonomi



**Velkommen! Vi tilbyr en spennande arbeidsplass med ei solid framtid!**

# Naturbruk

**Er du praktisk anlagt og interessert i natur og miljø, fisk og menneske? Då kan naturbruk passe for deg.**  
**Austrheim vgs har ein blå profil på naturbruk, og vil truleg få oppretta vg2 akvakultur frå hausten 2023. Du kan starte som lærling etter to år på skule, og deretter ta fagbrev. Du kan også gå vidare på vg3 påbygg til generell studiekompetanse.**

## Vg1 Naturbruk

På vg1 naturbruk brukar me mykje tid i oppstarten til å verte kjende og bygge eit godt klassemiljø. Austrheim vgs har blå profil på naturbruk, og er dermed mest retta mot akvakultur (oppdrett av fisk og anna sjømat) og fiske. Skulen har godt samarbeid med dei to visningssentra for akvakultur i regionen (eit i Gulen og eit i Alver), og ein del av undervisninga i programfaga vil skje her. Båtførarprøven vil vere inkludert i opplæringa. På vg1 vil du også få undervisning i den grøne delen av naturbruk med hovudfokus på landbruk.

Skulen har tett samarbeid med bedrifter, og om lag ti veker av skuleåret vil du vere utplassert i bedrift. I utgangspunktet har me utplassering i oppdrettsnæringa, men dersom du ønskjer utplassering innanfor fiske og fangst eller landbruk, vil me leggje til rette for det. I undervisninga vert det lagt opp til ei rekke bedriftsbesøk.


Me prøver å gjere teoridelen av programfaga så praktisk

som mogleg. I fellesfaga legg me vekt på mest mogleg yrkesretting, slik at du ser samanhengen mellom til dømes matematikk og naturfag, og det å arbeide på eit oppdrettsanlegg.

## Vg2 Akvakultur

Austrheim vgs vil truleg få oppretta vg2 akvakultur frå skuleåret 2023-2024. Oppdrettsnæringa er ei viktig næring i regionen vår, og bedriftene treng folk med kompetanse innanfor akvakultur. Næringa står også ovanfor ei spennande teknologiutvikling med fokus på berekraft. Dette opnar for auka produksjon og fleire arbeidsplassar.

På vg2 akvakultur vil du vere utplassert omlag 15 veker i bedrift. Mesteparten av den praktiske delen av opplæringa vil skje der, medan teoridelen av programfaga og fellesfaga er på skulen. Akvakultur-klassen vil også dra på ein del bedriftsbesøk. Utdanninga vil dermed skje i tett samarbeid med næringslivet. Lærarane på Austrheim vgs hjelper til med å skaffe lære plass til dei som fullfører.




### **Tina, lærar vg1 Naturbruk:**

Gjennom eit godt samarbeid med både oppdrettsnæringa, visningssentra og andre relevante bedrifter ynskjer eg å gje elevane eit godt og variert undervisningsopplegg.




**Hurtigbåt og fergerederi med base i Solund der vi opererer samband fra Vestland til Nordland**  
[www.vidarhop.no](http://www.vidarhop.no)



## Nesfossen Smolt ligg idyllisk plassert

ved Lurefjorden på Hundvin i Alver kommune,  
ca. 40 minutters kjørtid fra Bergen.

Selskapet starta med produksjon av settefisk i 1985 og produserer årleg ca 2,5 mill smolt og 2 mill lakseyngel. Me er 10 fast tilsette på fulltid og 2 på deltid, og omsetter årleg for ca. kr 55-60 mill. Me er godkjent som lærebedrift i akvakulturfaget.





Passion for  
Fjord Trout

# FJORDØRRET FRA DET KALDE NORD



Foto: Øystein Klægg



Foto: Helge Skodvin

Firda Seafood Group AS er et familieeid oppdrettskonsern som produserer førsteklasses Fjordørret på Vestlandet. Hovedaktiviteten vår er i Gulen kommune, men vi driver også i kommunene Vik i Sogn, Bremanger, Kinn, Hyllestad, Askvoll og Bergen. Vi har 180 ansatte totalt.

Vi er et fullintegrert oppdrettskonsern, det betyr at vi jobber med alle ledd i produksjonen etter innkjøp av ferdig befruktet rogn. I korte trekk; vi klekker, produserer smolt i ferskvann, matfisk i sjø, slakter og pakker fisken på eget slakteri, og eksporterer den ut til marked over hele verden. I tillegg har vi en avdeling med servicefartøy som står for behandling mot lakselus, bløgging ved not, og andre tyngre arbeidsoppgaver på sjø.

## KVALITET

I Firda Seafood Group følger vi et stadig økende krav til bærekraftig matproduksjon og kvalitet i alle ledd. Derfor sertifiserer vi flere lokaliteter etter akvakulturstandarden ASC. Dette er den strengeste akvakulturstandarden i verden akkurat nå, med fokus på bærekraftig drift, miljø, fiskehelse og -velferd, lokalsamfunn, og gode vilkår for ansatte.

## FJORDØRRET

Fjordørret er ikke så ulik laksen. Produksjonsformen er den samme, og produktet har mange likhetstrekk. Fjordørren er kjent for sin dype rød-oransje farge og hvite marmorering. Den kan tilberedes på utallige måter, røkt, ovnsbakt, dampet, grillet, stekt eller rå. Fjordørret er en ypperlig proteinkilde, rik på omega-3 og viktige næringsstoffer som vitamin D, jod og selen.

## TRYGGE ARBEIDSPLASSER

Firda er opptatt av levende lokalmiljø, og ønsker å skape forutsigbarhet og vekst i distriktene ved å legge til rette for trygge arbeidsplasser i en fremtidsrettet næring. Vi er godkjent lærebdrift, og ønsker lærlinger velkommen så lenge vi har plass.

For å lære mer om Firda Seafood Group AS, gå inn på [www.firdasea.no](http://www.firdasea.no), eller besøk vårt visningsanlegg på Skjerjehamn i Gulen, [www.skjerjehamn.no](http://www.skjerjehamn.no).

# Bygg- og anleggsteknikk

**Er du praktisk anlagt, likar å vere i aktivitet og er kanskje litt teoritrøytt? I så fall kan dette vere noko for deg.**

**Austrheim vgs tilbyr vg2 tømrar eller vg2 anleggsteknikk. Etter to år på skule går dei fleste ut i lære i bedrift, men du kan også velje vg3 påbygg til generell studiekompetanse. Som elev på bygg- og anleggsteknikk får du god opplæring, praktiske utfordringar, fysisk aktivitet og frisk luft.**

Vi har eit godt samarbeid med bedrifter i nærområdet, og lærarane på Austrheim vgs hjelper til med å skaffe læreplass til dei som fullfører.

På Bygg- og anleggsteknikk brukar me mykje tid oppstarten til å verte kjende og byggje eit godt klassemiljø, også på tvers av klassane.

## Vg1 Bygg- og anleggsteknikk

På vg1 bygg- og anleggsteknikk får du mellom anna lære å bygge hytter, forskaling, stillas, murar og benkar. I tillegg får du vere med på aktuelle byggjeoppdrag frå private og offentlege aktørar i nærområdet. Du lærer å bruke ulike typar verktøy og maskiner. HMS er i høgsetet hos oss, og du får full opplæring i dette.

På vg1 vert du utplassert i bedrift totalt fire veker i løpet av skuleåret. Det er i tillegg mogleg med utplassering ein dag i veka, dersom du vil det. I løpet av skuleåret reiser me rundt for å besøke bedrifter for å få eit inntrykk av korleis det er i arbeidslivet. Du får være med på å besøke andre skular for å sjå nærmare på kva du vil satse på etter vg1.

Me prøver å gjøre teoridelen av programfaga så praktisk som mogleg. I fellesfaga legg me vekt på mest mogleg yrkesretting, slik at du som elev ser samanhengen mellom til dømes matematikk og det å arbeide som tømrar.

## Vg2 Tømrar

På vg2 tømrar vert du førebudd på arbeidslivet i byggenæringa. I starten av skuleåret jobbar vi med eit større byggjeprosjekt. I løpet av skuleåret vil du jobbe mykje praktisk med diverse prosjekt ute på oppdrag hjå kundar. Då kan du jobbe med alt frå bygg, tilbygg og renovering, til stillasbygging, forskaling, armering, støeping og muring.

På Austrheim vgs er vert du utplassert i bedrift 13-15 veker i skuleåret, noko som gir solid praktisk opplæring og gode moglegheiter for læreplass. Me kjenner bedriftene i vårt område og har tett samarbeid med dei, både om praksis og overgangen til lære.

## Vg2 Anleggsteknikk

På vg2 anleggsteknikk vert du førebudd på arbeidslivet i anleggsbransjen. I starten av skuleåret byrjar vi på den teoretisk og praktiske opplæringa til maskinførarprøven, og i løpet av hausten tek elevane maskinførarbeiset. Mesteparten av praksisen skjer ute i bedrift. Det vert også lagt opp til ei rekke bedriftsbesøk.

På Austrheim vgs vert du utplassert i bedrift om lag 15 veker i skuleåret, noko som gir solid praktisk opplæring og gode moglegheiter for læreplass. Me kjenner bedriftene i vårt område og har tett samarbeid med dei, både om praksis og overgangen til lære.



**Steffen:**

«Det beste ved tømrar er at me får prøvd oss på heile yrket. Vi arbeidar på skikkelege prosjekt, og set spor etter oss i lokalsamfunnet. »»

**Kacper:**

«Det er gøy å bygge, fikse og lære nye ting. »»

**Jan Tore,  
lærar vg2 anleggsteknikk:**

Eg ynskjer å gje elevane eit breitt erfaringsgrunnlag innanfor fagområdet. Dette inneber bedriftsbesøk og mykje praksis hjå bedrifter i regionen vår.



# Helse- og oppvekstfag

**Er du omsorgsfull og likar å arbeide med menneske? I så fall kan dette vere noko for deg. Austrheim vgs tilbyr vg1 Helse- og oppvekstfag, men førebels er det uavklara kva vg2-tilbod skulen skal ha framover. Etter to år i skule kan du søkje om lærepass for å ta fagbrev. Du kan også ta påbygging til generell studiekompetanse før eller etter læretida.**

## Vg1 Helse- og oppvekstfag

På vg1 brukar me mykje tid i oppstarten til å verte kjende og byggje eit godt klassemiljø. Opplæringa inneheld ein del praktiske aktivitetar og arrangement retta mot barn og eldre, og skulen eit har godt samarbeid med barnehagar, grunnskular, sjukeheimar og frivillige organisasjonar. Lærarane legg vekt på å få til ein god samanheng mellom teori og praksis i programfaga.

På vg1 er elevane utplasserte i barnehagar, skular og helseinstitusjonar 5 veker i løpet av skuleåret, og du vil dermed få eit godt grunnlag for å velje kva retning du skal gå vidare på vg2.

På vg1 er elevane rundt på ulike utflykter, t.d. til Bergen, men høgdepunktet er nok klassetur til London med både

fagleg og sosialt innhald. Det er også mogleg å ta deler av praksisen i eit anna land gjennom eit Erasmus+ prosjekt. No dei siste åra før korona har 3-4 elevar vore 14 dagar i Danmark.

## Vg2 Barne- og ungdomsarbeidarfag og/eller Vg2 Helsearbeidarfag

Det er per no uavklart kva vg2-tilbod skulen skal ha framover. Austrheim vgs ønskjer å tilby både helsearbeidarfag og barne- og ungdomsarbeidarfag ( $\frac{1}{2}$  klasse av kvar), men det kan hende at ein må velje ein klasse med det vg2-tilboden som flest elevar ønskjer. Her vil me undersøkje grundig med elevane. Ta kontakt med skulen for oppdatert informasjon om dette.



**Sunniva:**

« Det er kjekt at ingen veker er like, og me gjer på mange forskjellige ting. Me lærer mange kjekke ting samtidig som me lærer fagstoffet.





## Skulemiljø

Austrheim vgs har om lag 200 elevar frå ulike kommunar i Nordhordland og Sogn og ligg vakkert til ved sjøen i Mastrevik. Elevane trivst godt, og me arbeider saman for å skape Vestlandets beste skulemiljø. Skulemiljøet skal verte endå betre gjennom samskaping mellom elevane og dei tilsette. Både elevmentorane og elevrådet har ei nøkkelrolle i dette trivelsskapande arbeidet.

Kantina er hjarta i skulemiljøet med pulserande liv i storefri og andre friminutt, og er ein viktig møteplass på kryss og tvers av klassane. Her kan du kjøpe mat og drikke til ein billig penge. Dersom du ynskjer ein litt rolegare møteplass eller vil arbeide med fag, kan du bruke biblioteket. Viss du ynskjer litt aktivitet, er bordtennisrommet eller biljardrommet staden for deg. Her er plass til mange ulike behov.

Elevmentorane og elevrådet har arrangement på kveldstid som til dømes Halloweenfest og juleball, samt aktivitetar på dagtid i storefri. Skulen har også aktivitets- og temadagar som bryt opp skulekvardagen med alternative undervisningsopplegg, som involverer klassar på kryss og tvers. Dette er med på å byggje eit godt skulemiljø.

Austrheim vgs legg stor vekt på ein mjuk skulestart om hausten med mange ulike aktivitetar slik at dei nye elevane blir godt kjende med klassane sine. Her brukar me kvalitetane i nærområdet, som sjøen nede i Mastrevikane og dei flotte friområda i Austrheim.

Velkommen til oss :)



FEDJE KOMMUNE

## Landsbyen i havet



# Austrheim KOMMUNE

OPNE LANDSKAP  
OPE SINN

## Det gode liv i Austrheim

Her er eit variert og aktivt miljø med mange aktivitetar. Bli kjent med oss!  
Vi ynskjer deg som elev ved Austrheim vidaregåande skule – øyriket med 489 øyar i vest!

Vi tilbyr læringsplassar innan dei fleste områder og vi vil gjerne ha deg som framtidig medarbeidar i Austrheim. Vegen er ikkje lang til byen, men det gode liv finn du i Austrheim. Bli kjent med oss både på facebook, heimeside og instagram!

Velkommen til Austrheim



[www.austrheim.kommune.no](http://www.austrheim.kommune.no)



# Austrheim vgs.

## Vestland fylkeskommune

Austrheim vidaregåande skule

Mastrevikane 44

5943 Austrheim

Tlf: 56 16 80 00

E-post: post.auv@vlfk.no

[www.austrheim.vgs.no](http://www.austrheim.vgs.no)

